

KVAM KOMMUNE
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

**Avdeling for
Kultur, idrett og inkludering (KII)**

| | |
|-------------------------|-------------------|
| Dato | 08.04.2022 |
| Vår referanse | 2022/44469-3 |
| Dykkar referanse | |
| Sakshandsamar | Berit Vik |
| E-post | Berit.Vik@vlfk.no |
| Telefon | 41321036 |

**Vedk kulturminne Toskavegen - tiltak kloakkrensestasjon - gnr 444 bnr 80 -
Mangersneset - Alver kommune**

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv var torsdag 31. mars på synfaring til området, saman med representantar frå Alver kommune – deriblant kulturavdelinga. Tiltak som skal bli utført i samband med ny kloakkrensestasjon ligg i nærføring til den gamle bygdevegen over Radøy; traseen Urlekleiva – Skjenet. Bygdevegen er kommunalt listeført og partiet som går opp til høgda der Manger skule er lokalisert er svært karakteristisk og særprega; bratt og med høge støttemurar på begge sider. Nede i daldraget ligg restane etter ein skjenefflor. Ingen av desse kulturminna blir råka av tiltaket. I samband med tiltaket har ein tenkt å legge ut steinar i parti av daldraget som er svært våtlendt. Dette vil sørge for betre tilgjenge til vegen, og vere eit positivt bidrag til å synleggjere denne.

På bakgrunn av dette har vi ingen merknader til tiltaket. Potensialet for arkeologiske funn i området er lågt, men vi minner om meldeplikten.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KII - Arealplan (Førde)

Berit Vik
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift